


# STRATEGISK NÆRINGSPLAN

FOR

**NISSEDAL KOMMUNE**

**2013-2020**



Vedtatt av kommunestyret 7.03.2013

## INNHALD:

### **1. Innleiing**

- 1.1 Kva vil Nissedal kommune med denne planen? s 3
- 1.2 Forhold til andre kommunale planar s 3
- 1.3 Forhold til andre planar s 4
- 1.4 Korleis planen er bygd opp s 5
- 1.5 Organisering av planprosessen s 5
- 1.6 Rullering av planen s 6

### **2. Situasjonen i Nissedal i dag**

- 2.1 Fordelar som kan utnyttast betre s 7
- 2.2 Veikskapar som må kompenseras s 9
- 2.3 Regionalt samarbeid s 10

### **3. Statistiske nøkkeltal**

- 3.1 Folketal s 10
- 3.2 Sysselsetjing s 11
- 3.3 Pendling s 12
- 3.4 Utdanning s 12

### **4. Mål for næringsarbeidet i Nissedal kommune**

- 4.1 Hovudmål s 13
- 4.2 Delmål s 13

### **5. Strategiar med tiltak for å nå måla** s 14

### **6. Handlingsplan, økonomiplan og budsjett** s 21

### **7. Vedlegg:** s 22

- 7.1 Samansetjing av arbeidsgruppene
- 7.2 Innspel frå arbeidsgruppene: Sterke og svake sider ved næringslivet i Nissedal, Mål for næringsarbeidet
- 7.3 Nissedal si utvikling og moglegheiter, Telemarksforsking

## **1. Innleiing**

### **1.1 Kva vil Nissedal kommune med denne planen?**

Strategisk næringsplan for Nissedal kommune blei vedtatt av kommunestyret i 1997 og har vore retningsgjevande for næringsarbeidet i Nissedal kommune sidan. Planen er ikkje rullera, men det har vore fokus på tiltaksdelen i planen. I samband med dei årlege næringsmøta kommunen arrangerer, har tiltaksdelen blitt revidert fleire gonger, siste revisjon galt t.o.m 2010. Det har lenge vore behov for ein grundig revisjon av heile næringsplanen.

**Strategisk næringsplan skal vere Nissedal kommune sitt næringspolitiske verktøy, og eit dokument som seier kva kommunen skal legge vekt på i den lokale næringspolitikken.**

### **1.2 Forhold til andre kommunale planar**

*Kommuneplanen for Nissedal 2008-2020 har ein visjon:*

#### **NISSEDAL VIDARE!**

Hovudmål som gjeld næringsarbeid er:

- Eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv
- Legge til rette for å utvikle arbeidsplassar saman med dei næringsdrivande

**Det er lagt vekt på at politikarar og tilsette i kommunen har eit stort ansvar for at hovudmåla blir nådd, men også samarbeid med andre, ikkje minst innbyggjarane, er viktig for å nå hovudmåla. Dette må også gjelde næringsplanen.**

*Nissedal kommune har eigen landbruksplan. (2007-2010)*

Planen skal reviderast inneverande kommunestyreperiode.

Hovudmåla i landbruksplanen er :

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som skal vere aktiv støtte spelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonar.

**Det er viktig å sjå samanhangen mellom primærnæringane i kommunen og anna næringsliv.**

Fagplanar elles blir synleggjort i kommuneplanen ved at deira overordna målsetjingar blir stadfesta her.

**Det er viktig at næringsarbeidet har høg prioritet.**

### **1.3 Forhold til andre planar**

Nissedal kommune deltar i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark.

**Strategisk næringsplan for Vest-Telemark** er såleis ein regional plan med følgjande visjon: **Vest-Telemark - ein levande region.**

Planen har følgjande mål:

- Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark
- Sterk regional samkjensle og styrka Vest- Telemark identitet
- Vidareutvikling og nyetablering av verksemdar i Vest-Telemark med grunnlag i distriktets særpreg og lokale ressursar
- Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest- Telemark

### **Fylkesplan for Telemark**

Fylkesplanen skisserer 4 satsingsområde

- Infrastruktur – miljøvennleg areal- og transportutvikling
- Kompetanse
- Næringsutvikling – utvikling av den gode bustad

- Kultur og identitet

**Strategisk næringsplan for Nissedal kommune bør henge godt saman med kommuneplan, regionale planar og fylkesplan. For Nissedal kommune vil det vere viktig å fremje prioriterte oppgåver i samsvar med desse planane.**

#### **1.4 Korleis planen er bygd opp**

Næringsplanen inneheld ein omtale av situasjonen i dag; av fordelar som kan utnyttast betre og veiskapar som må kompenseras. Statistiske nøkkeltal underbygger dette. Dei viktigaste delane av planen er målet for kommunen sitt næringsarbeid og strategiar for å nå målet.

#### **1.5 Organisering av planprosessen**

Kommunestyret vedtok i sak 87/10 og 8/11- Handlingsprogram, økonomiplan og budsjett for 2011-2014 - å revidere Strategisk næringsplan. Revisjonen var eitt av enkelttiltaka under kap. Næring i 2011. Revisjonsarbeidet blei utsett til 2012 når nytt kommunestyre var på plass.

Det var ønske om å nytte same modell ved revisjonsarbeidet som ved utarbeidinga av gjeldande plan. Næringsdrivande blei inviterte til å delta i arbeidsgrupper saman med formannskapsmedlemmene.

Følgjande arbeidsgrupper har vore i arbeid:

Handel – kontor - restaurant

Handverk – byggebransjen – hytteutbygging

Reiseliv – hytter – camping

Anlegg – transport – entreprenør – industri

Landbruk – småkraft

(Samansetjing av arbeidsgruppene i vedlegg pkt 7.1.)

Arbeidsgruppene har hatt 4 møte i tida 3.sept – 5.nov 2012.

Næringskonsulenten har vore sekretær i planprosessen. Utkast til plan må leggest fram for Formannskapet som er næringsutval. Formannskapet legg framlegg til plan ut på høyring. Etter høyring går planen tilbake til Formannskapet og vidare til Kommunestyret for vedtak.

## **1.6 Rullering av planen**

Planen omfattar planperioden 2013 – 2020 og gjeld inntil kommunestyret reviderer planen. Planen kan/bør reviderast ein gong per kommunestyreperiode. Tiltaka (handlingsdelen) skal evaluerast ein gong i året i samband med det årlege næringsmøtet kommunen inviterer næringsdrivande til. Tiltaka må inn i kommunens årlege handlingsprogram. Rapportering skjer gjennom tertialrapportane og kommunens årsmelding.

## **2.Situasjonen i Nissedal i dag**

Følgjande oversikt er utarbeidd på bakgrunn av innspela frå arbeidsgruppene gjennom ein SWOT-analyse. Ein har oppsummert det som er mest mogleg felles. Innspel frå kvar arbeidsgruppe ligg som vedlegg i pkt 7.2.

### **Oppsummering – innspel som er felles for gruppene:**

#### **Sterke sider:**

Naturgrunnlag, utmark, jord- og skogbruksareal, hyttetomter, kulturlandskap, vatn – Nisser, turløyper

#### **Svake sider:**

Manglar spesialforretningar og parkeringsplasser i sentrum. Eit stort problem er tilgong på arbeidskraft. Skal dei lokale verksemdene oppretthalde aktiviteten og utvikle seg vidare er det behov for fleire fagarbeidarar. Kompetanseverksemder er i vekst og har behov for arbeidskraft.

Tilgong på kapital kan vere eit problem.

Infrastruktur – dårleg veg, mobildekning, breiband

### **Moglegheiter:**

Folketalet aukar. Det gode liv på landet. Matproduksjon – lokal mat. Unytta potensiale innan småkraft, nye næringar knytta til gardsbruk. Samarbeid: innan næringslivet, mellom næringsliv – kommunen, hyttefolk, frivillige lag og organisasjonar. Nissedal næringslag,

### **Farer/trugslar:**

Handelslekkasje, lønnsemd i ulike næringar, vegstandard, fråflytting, attgroing.

## **2.1 Fordelar som kan utnyttast betre**

### *Innbyggjarane som ressurs*

Innbyggjarane er glade i bygda si. Mange ønsker å etablere seg i kommunen dersom det finns interessante karrierevegar og forretningsmessig grunnlag for å drive bedrifter. Folketalet aukar og fleire unge kjem tilbake.

Innbyggjarane er den store ressursen i nærings- og samfunnsutviklinga. Derfor er det viktig med eit kontinuerleg arbeid med å spele på dei positive kreftene i kommunen og fortsterke det positive som skjer.

### *Rike naturressursar*

Naturgrunnlag med produktive jord- og skogbruksareal gir grunnlag for tradisjonelle landbruksnæringar. Utmark og kulturlandskap er viktige med omsyn utvikling av tilbod innan jakt, fiske, rekreasjon og reiseliv. Nissedal kan tilby reiselivet opplevingar både sommar og vinter. Det er grunnlag for auka satsing på småskala matproduksjon og lokal foredling.

Det er potensiale i vasskraft ressursane.

Innsjøen Nisser har eit stort potensiale; kultivert vassdrag - fiske, rekreasjon.

### *Hytter og fritidsbustader*

I Nissedal kommune er det om lag 2000 hytter. Det ligg til rette for vidare satsing og 34 hyttefelt er plangodkjente. Det er viktig å arbeide

for at ein større del av verdiskapinga , både under oppføring av hyttene og seinare service, blir verande i kommunen. Hytteeigarane utgjer ei stor kundegruppe som medfører aukande handel og etterspørsel etter aktivitetstilbod. Ein god dialog med hyttefolka er viktig. Hyttebygginga har hatt effekt for alle grendene i kommunen.

### *Telemarksvegen RV 41*

Telemarksvegen går gjennom store delar av Nissedal kommune.

Vegen startar i Kristiansand kommune og ender i Brunkeberg/Morgedal i Kviteseid kommune.

Ei betre marknadsføring og merkevarebygging kring Telemarksvegen med stort fokus på oppleving er viktig.

Avstand til større byar og tettstader ligg innanfor akseptabel reiseavstand for dagsturar. Det er grei pendelavstand til andre aktuelle arbeidsmarknader .

### *Samarbeid kommune – næringsliv*

Nissedal kommune oppretta næringskonsulentstilling f.o.m 1.01.2011. Næringskonsulenten er også sekretær for Nissedal næringslag.

Dette gir grunnlag for eit samarbeid og ei utvikling ein kan bygge vidare på. Kommunen har eit godt utbygd tenestetilbod; barnehage, skule, helsetenester, eldreomsorg - noko som er avgjerande for vidare næringsutvikling og vekst i folketalet. Det er kort veg til styringsorgana.

### *Attraksjonar og arrangement*

Dei seinare åra har ulike arrangement og attraksjonar sett Nissedal på kartet på ein positiv måte.

Tilrettelagte turløyper, klatremoglegheiter og terrengsykling gir god effekt for anna verksemd. Fleire kunstnarar er også busett i kommunen.

Ei breiare felles marknadsføring under « Nissedal» vil kunne gje god effekt.

Samarbeid kommune- næringsliv – frivillige lag og organisasjonar gir god effekt.



### *Mange mindre nyetableringar*

I dei seinare åra har det vore mange nyetableringar særleg innan servicenæringane; småbutikkar, galleri og serveringsstader.

I tillegg kjem snikkarverksemd, elementproduksjon og teknologibedrift.

Saman gir dette ein breiare arbeidsmarknad lokalt og eit betre servicetilbod til innbyggjarar, hyttefolk og turistar.

### *Fleksibilitet – «smådrifts-fordelar»*

Det ligg eit stort potensiale i samarbeid mellom verksemdar som treng nokså lik fagkompetanse.

## **2.2. Veikskapar som må kompenseras**

### *Manglande tilbod i Treungen sentrum*

Ein manglar tilbod som elektrisk forretning, rørleggarforretning, bakeri, tilbod innan helse/velvere. Det er for få parkeringsplassar.

### *Mangel på fagfolk*

Hovudproblemet for lokale bedrifter er at dei slit med å få tak i fagfolk som murarar, snekkarar, industriarbeidarar osv. Dette hemmar ei vidare utvikling av viktige lokale verksemdar.

### *Infrastruktur*

Vegstandarden er altfor dårleg. Dette gjeld særleg riksveg 41, fylkesveg 515 over Felle og strekninga Treungen- Bostrak, fylkesveg 358.

Det er ikkje tilfredsstillande mobildekning for alle.

Tilgang til fiber er heller ikkje tilfredsstillande.

### *Basisfunksjonar slit!*

Nærbutikkane i grendene slit. Dei utgjer ein viktig funksjon i lokalmiljøa på Felle, Fjone og i Kyrkjebygda.

### *Tilgong på kapital – økonomisk kompetanse*

Lønnsemd og eigenkapital er under press i fleire bransjar. Det er også vanskeleg å finne risikovillig kapital til nye prosjekt. Det er viktig at

eksisterande og ny verksemd driv innan forsvarlege økonomiske rammer. Mangel på økonomisk kompetanse kan hindre verksemder i å vekse og vidareutvikle seg.

### *Fråflytting og attgroing*

Landbruket har gjennomgått store endringar i seinare tid. Dette har medført fråflytting frå mindre bruk, drifta på garden blir lagt ned og kulturlandskapet gror igjen. Dette er ei stor utfordring forhold til busetjing og næringsutvikling, særleg innan reiseliv.

## **2.3 Regionalt samarbeid**

Nissedal kommune har eit formalisert samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark gjennom Vest-Telemark Rådet.

Administrativt har ein samarbeid innan næring- og reiseliv.

Elles er det tett samarbeid med Kviteseid kommune med felles kontor for landbruk, plan, lønn og skatt.

Indre Agder og Telemark avfallsselskap; IATA, omfattar kommunane Åmli, Nissedal, Drangedal og Nome.

Nissedal deltar i Telemarksvegen saman med Kristiansand, Birkenes, Froland, Åmli og Kviteseid. Saman med Åmli kommune har ein etablert eit forum for lokal mat. Saman med Drangedal kommune er ein inne i «Prosjekt Stisykling»

## **3.Statistiske nøkkeltal**

### **3.1Folketal**

Telemarksforskning presenterte « Nissedal si utvikling og moglegheiter» på Næringsmøte i Nissedal 12.april 2012.

Presentasjonen ligg som vedlegg under pkt. 7.3.

**Konklusjonar i rapporten er:**

**Folketal - absolute tal: 5 år på rad med vekst i folketalet.**

**Folketal- relativt: Nissedal høgare vekst enn Noreg i 2011.**

**Nissedal har snudd frå nedgang til vekst.**

**Nissedal har hatt netto innflytting frå andre kommunar 3 av dei 4 siste åra.**

### **Framskriving av folketalet:**

Statistisk sentralbyrå (SSB) har berekna framskriving av folketalet 2012-2040 som følgjer :

Kommune	Folketal 1.01.2012	Middels vekst	Låg vekst	Høg vekst
Nissedal	1430	1789	1597	2067

Mange forhold verkar inn og middels vekst er mest sannsynleg.

### **3.2 Sysselsetjing**

**Arbeidsløysa i Nissedal er svært låg, 1,4 % ved utgangen av oktober 2012. Dette er uvanleg lågt. Snittet for dei 10 første månadene i 2012 er på 2,4 %. (2,3 % på landsbasis og 3,4% i Telemark fylke.)**

**Ein har ein høg andel uføre**, pr 3.kvartal 2012 14,0 % mot 9,5% på landsbasis. Andelen uføre har auka dei siste åra, men ein ser ein liten nedgang (på 3 %) hittil i 2012. I 3.kvartal 2012 mottok 132 personar uførepensjon, medan talet for same kvartal i 2012 var 128. Det har den seinare tida vore ei positiv utvikling der langtidssjukemeldte kjem tilbake i arbeidslivet.

**Rapporten frå Telemarksforsking viser at veksten i tal arbeidsplassar i Nissedal har vore svært høg fram til 2008. 2011 blei eit godt år med vekst - Nissedal har høgast arbeidsplassvekst i Vest-Telemark.**

### 3.3 Pendling

Nissedal har mindre utpendling enn tidlegare. Dei som pendlar har i hovudsak arbeidet sitt i Kviteseid, Åmli, Porsgrunn og Kristiansand. Mange har arbeid i anleggs- og offshorebransjen.

Det er sterk auke i innpendling frå fleire kommunar, flest frå Åmli, Drangedal og Kviteseid

### 3.4 Utdanning

Utdanningsnivået blant innbyggjarane er lågt i forhold landet sett under eitt. Tabellen nedanfor syner kor stor prosent av innbyggjarane over 16 år som har grunnskule, vidaregåande eller høgskule/universitet som høgaste utdanning i 2011. Kjelde SSB.

Land/kommune	Grunnskule	Vidaregåande skule	Høgare utdanning
Noreg	28,6	42,3	29,1
Nissedal	30,8	49,0	20,2
Fyresdal	27,8	49,5	22,7
Seljord	29,0	48,4	22,6
Kviteseid	30,6	48,1	21,3
Vinje	29,5	47,2	23,2
Tokke	29,1	50,3	23,2

I forhold til dei andre Vest-Telemark-kommunane ligg Nissedal lågt på andel med høgare utdanning.

Tilgang på arbeidsmoglegheiter innan praktiske yrke har nok medverka til utdanninga mange vel. Det er svært positivt at 100% av ungdomen nå fullfører vidaregåande skule. Det er eit godt teikn på rett val. For å tilpasse utviklinga i arbeidsmarknaden er det viktig å vere aktiv i forhold til yrkesretteiing og å inspirere til "rett" utdanning.

## **4.Mål for næringsarbeidet i Nissedal kommune**

### **4.1 HOVUDMÅL**

**Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein JA- kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.**

### **4.2 Delmål**

Delmåla skal medverke til å oppfylle hovudmålet. Nissedal kommune skal:

- \* Ha eit tett samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar.
- \* Legge til rette for attraktive bustad- og næringstomter/næringsareal i alle grender.
- \* Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging.
- \* Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur.
- \* Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme.
- \* Legge til rette for kompetanseutvikling lokalt.
- \* Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar.

## 5.Strategiar for å nå måla - tiltaksark

\*Tett samarbeid med næringsliv – frivillige

Tiltak	Ansvar
Sekretærfunksjon for Nissedal næringslag	Næringskonsulent
Besøk hos bedrifter	Ordfører/næringskonsulent/NAV
Oppfølging av etablerarar	Næringskonsulent
Årleg næringsmøte	Næringskonsulent/formannskap
Medverke til etablering av tenesteytande verksemdar og handelstilbod som manglar eller er svakt utvikla	Næringskonsulent/formannskap/ordfører i samarbeid med næringslaget

\*Legge til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/- areal i alle grender

Tiltak	Ansvar
Kommunen skal til ei kvar tid ha sikker og fleksibel tilgang til næringsstomter/-areal og marknadsføre desse	Næringskonsulent Interkommunalt plankontor og Eining for teknisk drift Formannskapet
Kommunen skal til ei kvar tid ha sikker og fleksibel tilgang til bustadtomter og marknadsføre desse	Næringskonsulent Interkommunalt plankontor og Eining for teknisk drift Formannskapet
Ha aktiv dialog med Vest-Telemark næringsbygg AS	Ordførar Næringskonsulent

\*Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging

Tiltak	Ansvar
Felles marknadsføring under «Nissedal» Arbeide for felles postnummer og poststad - Nissedal	Kommuneadm.v/ rådmann i samarbeid med lokalt næringsliv
«Telemarksvegen» - lokale attraksjonar/opplevingar	Kommuneadm. v/ rådmann,styret i Telemarksvegen, lokalt næringsliv og frivillige lag/org.
Delta i prosjektet «Best på nett»	Kommuneadm.v/rådmann næringskonsulent og Eining for Kultur/ i samarbeid med lokalt næringsliv og frivillige lag/org.
Marknadsføre lokale attraksjonar, turløyper, sykkelstiar	Kommuneadm.v/ næringskonsulent, Eining for kultur, turistinfo, folkehelsekoordinator, Friluftsrådet sør, Vest-Telemark samarbeid, turlag/løypelag
Sentrumsutvikling «Tveitsund» nordlegaste sørlandsby?	Interkommunalt plankontor, Eining for teknisk drift, næringskonsulent,formannskapet.



**\*Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur**

Betre vegstandard/trafikksikker het RV 41 FV 515 Felle og FV Bostrak/Treungen	Ordfører, Eining for teknisk drift, Folkehelsekoordinator, næringskonsulent
Mobildekning	Ordfører, kommuneadm. v/næringskonsulent og Eining for teknisk drift, VTNU.
Breiband/fiber	Ordfører, kommuneadm. v/næringskonsulent og Eining for teknisk drift.
Tømmeanlegg for bubil	Kommuneadm. v/teknisk drift og Interkommunalt plankontor.

\*Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme

Auke tal hytter til 3000 i planperioden	Interkommunalt plankontor, Eining for teknisk drift, næringskonsulent
Vidareføre og utvikle kompetanse på plan/bygg	Kommuneadm. v/ Interkommunalt plankontor og Eining for teknisk drift.
Vidareutvikle turistinformasjonen, Eigen portal på nett	Kommuneadm.v/ næringskonsulent, nærbutikkane
God dialog med hyttefolk, hytteinfo	Næringskonsulent, næringsliv
Fornye Nissedal sin profilerings cd	Næringskonsulent, næringsliv, formannskap

\*Tilrettelegge for kompetanseutvikling lokalt

Etablerar-retteleing Fadderordning for grunderar	Næringskonsulent, VTNU, næringsliv
Entreprenørskap i skulen God yrkesretteleing	Eining for skule, næringskonsulent, næringsliv
Tilrettelegge for nødvendig kompetanseheving i lokalt næringsliv	Næringskonsulent, Eining for skule
Arbeide aktivt for å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i lokale næringar	Næringskonsulent. næringsliv

\*Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar.

Tilrettelegge for lokal produksjon og foredling av mat	Landbrukskontoret i samarbeid med næringskonsulent, «Matforum» og Telemarksvegen
Tilrettelegge for utnytting av vasskraft	Ordførar, kommuneadm. v/næringskonsulent, Interkommunalt plankontor, Eining for teknisk drift, NVE
Opne landskap/ utsyn til Nisser	Landbrukskontoret, Statens vegvesen, grunneigarar

## **6.Handlingsplan, Økonomiplan og budsjett**

Prioriterte tiltak i Strategisk næringsplan skal vidareførast i kommunen sin årlege handlingsplan.

Nokre tiltak vil vere langsiktige og meir eller mindre kontinuerlege prosessar. Andre tiltak vil vere meir tidsavgrensa. Det er viktig å prioritere tiltaka og få dei inn i årlege handlingsprogram, økonomiplan og budsjett.

Status på gjennomføring av tiltaka må rapporterast gjennom tertialrapportane, årsmelding og rekneskap.

Kontakten med lokalt næringsliv gjennom Nissedal næringslag og innspel i det årlege næringsmøtet kommunen arrangerer vil vere viktige for kommunen sine prioriteringar.

## **7.Vedlegg**

### **7.1 Samansetjing av arbeidsgruppene**

#### *Handel-kontor-restaurant*

Simona van Tunen

Øystein Tveit

Tore Skåli

Håvard Gåstjønn Tveit

Runa Vee Tveit (formannskapet)

#### *Handverk-byggebransjen-hytteutbygging*

Hege Homme Aarak

Erling Tveit

Kjell Asbjørn Solberg

Olav Espelid

Tom Aslak Aarak (vara)

Øyvind Tveit (formannskapet)

#### *Reiseliv-hytter-camping*

Margit Johansen

John Nordbø

Torgeir Aarak

Per Kveim

Bjarne Reime

Frank Lien (formannskapet)

## *Anlegg-transport-entreprenør-industri*

Knut Haugsjå

Pål Arne Haugsjå

Morten Solberg

Carl Erik Winther Larsen

Halvor Homme (formannskapet)

## *Landbruk-småkraft*

Olav Borstad

Tor Jakob Nordbø

Magne Haugsjå

Ottar Tveit

Anne Nora Oma Dale (formannskapet)

## **7.2 Innspel frå arbeidsgruppene:**

### **Sterke og svake sider ved næringslivet i Nissedal.**

#### **Gruppe: Handel – kontor – restaurant**

##### **Sterke sider:**

Mange daglegvareforretningar, nokre småbutikkar med spesielle varer, personleg handel/kjenner kundene

**Svake sider:**

Manglar spesialforretningar som: elektriker, rørlegger, kvitevarer, bakeri, apotek, parfymeri, drop-in frisør.

Manglar typisk overnattingsbedrift, felles reiselivsportal, felles booking, få parkeringsplassar i Treungen sentrum

**Moglegheiter:**

Samarbeid med hytteeigarar, Jettegrytene, Canvas Hotel, Nissedalsmarken, utnytte gratis reklame

**Farer/trugslar:**

Butikkar og tilbod i nabokommunar – handelslekkasje, vegstandard, negativ omtale

**Gruppe: Handverk – byggebransjen – hytteutbygging****Sterke sider:**

"Ja-kommune", mange tomter/stor breidde, aktivt organisasjonsliv, fine naturstiar, attraktivt sentrum

**Svake sider:**

Mangel på fagarbeidarar innan byggebransjen, ulike regime i utbygging av VA, betre samordninga av kartverk, dårlege vegar, mange hytter på sal

**Moglegeheiter:**

Nissedal næringslag – samarbeid innan næringslivet



## **Farer/trugslar:**

Mistar andelar

## **Gruppe: Reiseliv – hytter – camping**

### **Sterke sider:**

Naturgjevne føresetnader for reiseliv og utmarksutnytting, tilgjengelege tilbod for reiseliv, godt merka turløypenett, godt fisketilbod, positive grunneigarar, kort avstand til kontinentet, fleire dagsturistar, heilårs-tilbod, stort potensiale for auka turisme, store befolkningsgrupper i nærområda, mangfald av turisttilbod innom kommunen, høg kompetanse på drivarane av ulike turisttilbod, gode handels- og servicetilbod, god tilgjenge for rullestolbrukarar i Tveitsund

### **Svake sider:**

Dårleg infrastruktur og låg vegstandard, avgrensa opningstid på turistinformasjonen - opplæring/oppdatering av personell, sentrumsutvikling og vedlikehald

### **Moglegheiter :**

Kulturlandskap, Nisser, utmark, Jettegrytene, kommunal medverknad i marknadsføring, samarbeid kommune-næringsliv- frivillige

lag/organisasjonar, hyttefolka viktig kundegruppe og ressurs

**Farer/trugslar:**

Vegstandard RV41, finanskrise/økonomiske nedgangstider, klima, aukande konkurranse om norske turistar

**Gruppe: Anlegg – transport - entreprenør – industri**

**Sterke sider:**

Fleksibilitet, ligg sentralt, stabil arbeidskraft(lågt sjukefråver), rask behandling av kommunen, lojale Nissedølar – nyttar lokal arbeidskraft, satsing på VA

**Svake sider:**

For lita lønnsemd, for lite forutsigbart, "alt skal skje med ein gong", få med mykje pengar – tilgong på kapital, infrastruktur- veg og fiber, utdanningsnivå – tilgang på rett kompetanse.

**Moglegheiter:**

Fleire innbyggjarar, meir arbeid lokalt, ved styrking av infrastruktur (veg/fiber) – større marknad tilgjengeleg og lettare med pendling

### **Farer/trugslar:**

Utanlandske firma kan utkonkurrere den norske (Nissedal ) marknaden, henger ikkje med i forhold til infrastruktur, ikkje same moglegheit til stabil arbeidskraft framover, turistane sviktar pga vegstandard.

### **Gruppe: Landbruk – småkraft**

#### **Sterke sider:**

Primærnæringane viktig, matproduksjon, mange landbrukseigedomar i kommunen, potensiale for dei rette drivarane, stor etterspurnad etter gardsbruk, potensiale i tilleggsnæringar, skaper arbeidsplassar for andre næringar.

#### **Svake sider:**

Svak inntekt, utfordringar ved generasjonsskifte, press på pelsdyrnæringa, attgroing, færre i næringa- lite fagmiljø, stort byråkrati/skjemavelde, lang sakshandsaming v/oppstart av småkraft,

#### **Moglegheiter:**

Garden er utgangspunkt for yrkesliv med stor variasjon, den gode bustad-oppvekstmiljø, matproduksjon, lokalmat knytta mot turisme/opplevingar, unytta vasskraft, store skogressursar,

### **Farer/trugslar:**

Dårleg inntekt i tradisjonell næring gjev få etableringar av tilleggsnæringar, forgubbing, gardsbruk blir fritidseigedomar-dårleg utnytting av ressursar, inntekt frå småkraft havnar utanfor kommunen. Lokale naturressursar fører ikkje til lokal verdiauke.

### **Mål for næringsarbeidet:**

#### **Gruppe Handel – kontor - restaurant**

##### 1. Hovudmål:

Styrke lokalt næringsliv, tilrettelegge for vekst i næringslivet, auke folketalet

##### 2. Fleire likestilte mål:

- Styrke sentrum i alle 4 grendene
- Arbeide for at RV 41 skal bli opprusta
- Styrke samarbeid mellom næringsliv og kommune

##### 3. Aktuelle delmål

- Alle næringslokale skal vere i bruk
- Sette Nissedal endå meir på kartet
- Trafikksikring

## Mål for næringsarbeidet: **Gruppe Handverk – byggebransjen – hytteutbygging**

### 1. Hovudmål:

Vidareutvikle næringslivet med omsyn på fortsatt auke i folketalet

### 2. Fleire likestilte mål: Ingen

### 3. Aktuelle delmål:

- Samle Nissedal
- Tveitsund den nordlegaste sørlandsbyen
- Eiga heimeside for næringslaget
- Vitalisere Telemarksvegen
- Utnytte merkevarer for Nissedal, t.d sykling

## Mål for næringsarbeidet: **Gruppe Reiseliv – hytter – camping**

### 1. Hovudmål:

Auke innbyggartalet, opprusting av FV 354(?) og RV 41

### 2. Fleire likestilte delmål:

- Auke antal hytter til 3000

### 3. Aktuelle delmål:

- Best på nett (samarbeid kommunen – VTNU-Nissedal næringslag)
- Attraktive tomter
- Vidareutvikle næringslaget med næringskonsulenten som sekretær
- Ope landskap
- Vidareutvikle Jettegrytene som turistattraksjon

Mål for næringsarbeidet: **Gruppe Anlegg – transport – entreprenør - industri**

### 1. Hovudmål:

Tilrettelegge næringsutvikling med omsyn på auke i folketalet

### 2. Fleire likestilte delmål:

Betre infrastruktur

### 3. Aktuelle delmål:

- Styrke primærnæringane
- Sikre arbeidskraft til kommunen
- Motivere til knoppskyting og etablering
- Auke antal arbeidsplassar som krev høgare kompetanse

## Mål for næringsarbeidet: **Gruppe Landbruk - Småkraft**

1. Hovudmål: Nissedal vidare- Nissedal er ein Ja-kommune

2. Fleire likestilte delmål:

- Auke sysselsetjinga i primærnæringane der det satsast på småskalaproduksjon

3. Aktuelle delmål:

- Deltaking i Matforum – langs Telemarksvegen
- Inkubatormiljø Dyrsku`n
- Mobilslakteri
- Felles kjøle/frys – lokalmat
- Kompetanse/retteiing tilgjengeleg ved utredning av småkraft

### **7.3 Nissedal si utvikling og moglegheiter, Telemarksforsking**

